



Det vert datakurs for fleire i år (Foto: Ola Matti Mathisen)

Årsmeldinga for Uskedal Utvikling som vart lagt fram under årsmøtet onsdag kveld i Gamleskulen inneheld ei grundig oversikt over tiltak som vart gjennomført i fjor og det som skal gjerast vidare.

Her er eit utdrag av tiltak gjennomført i arbeidsåret:

- * Ferdigstilt oppussing av kjøkenet i Gamleskulen, planarbeide med innreiing av kjellaren starta.
- * Montert lydplater inne i Gamleskulen for å dempa akustikken
- * Uteområdet oppgradert med politibil og nye leikeapparat.
- * Trelavvo på plass i Skårhaug i samarbeid med barnehage og friluftslag
- * Kafe Tlaren i drift med faste opningstider. Alle frivillige inviterte til tapaskveld,
- * Føremiddagstreff i Gamleskulen kvar torsdag klokka 11
- * Datakurs for seniorar 7 kveldar med 16 påmeldte.
Kurshaldarar Hans Ordin Østebø og Britt Iren Tjelle
- * Nettsida uskedalen.no utvikla og vidareført
- * Organisasjonen styrkt med Dialogforum og arbeidsgrupper
- * Oppfølging av viktige saker i styret. Gjeld mellom anna renovering og utbygging av skulen, tilretteleggjing og utvikling av Børnes industriområde, måling av kyrkja fram til jubileet neste år (løyst gjennom budsjettet) og tilretteleggjing av bustadtomter.
- * Profilering av bygda som ei attraktiv bygd for tilreisande
- * Ferdigstilling av innkøyrsla frå kommunevegen til SPAR
- * Gjennomført 2 guida bygdevandringar
- * Tilsyn og planting i bed og krukkar i sentrum og på Rød

- * Tilskjiping av 2 'Allsong i sjøkanten' hos Systrene Nilsen
- * Løyving av 20 000 kroner til Liv og lyst-prosjektet etter prekvalifisering

Her er handlingsplanen for 2013:

- * Få Uskedal Utvikling registrert i Frivilligregisteret med bakgrunn i justerte vedtekter.
- * Halda fram med finansiering og planleggjing av byggjesteget 1 i kjellaren.
- * Leggja til rette for bygdeutvikling gjennom prosjektet Liv og lyst. Åkra og Matre er med frå før.
- * Arbeide for klargjering av ein gangveg langs elva
- * Utvendig måling av Gamleskulen
- * Halda fram med drifta av Kafe Tlaren og Føremiddagstreffet
- * Halda fram med sentrumsutvikling, motivera til rydding i strandsona, langs hovudvegen og elva.
- * Halda nye datakurs for seniorar og andre som treng det
- * Halda oppe og vidareutvikla drifta av uskedalen.no
- * Halda fram arbeidet i Dialogforumet, arbeidsgruppe for kultur, turisme og profilering, redaksjonsgruppa, arbeidsgruppa for Gamleskulen og arbeidsgruppe for pakketilbod for tilreisande grupper.
- * Fylgja opp aktuelle saker, mellom anna stadanalyse og sentrumsplan (frå 2014)
- * Arbeida for eit godt eigna og tilrettelagt parkeringsareal i sentrum.
- * Gå inn for oppsetjing av 2 gateljos til i området ved gardsbarnehagen.



Mykje skal skje med Gamleskulen. Den nye inngangen til kjellaren vert på baksida (Foto: Ola Matti Mathisen)